



Mottakarar av midlar til trusopplæring i  
kyrkjelydar i Stavanger bispedømme.

Dato: 05.05.2021

Vår ref: 21/01830-2

Dykkar ref:

## Tildeling av øyremerkte midlar til trusopplæring i kyrkjelydar i Stavanger bispedømme

Bispedørmerådet tildeler fellesråd midlar til gjennomføring av trusopplæring for aldersgruppa 0-18 år i alle kyrkjelydar innanfor fellesrådsområdet for 2021 i følgje vedlagte oversikt, i tråd med lokale planar.

Heile tilskotet for 2021 blir utbetalt, med eit eventuelt frådrag etter avrekning av unytta midlar frå 2020.

Tilskotet fellesrådet no får tildelt til trusopplæring er basert på tildelingane som blei avtalt for kvar kyrkjelyd/samarbeidande kyrkjelydar i gjennomføringsfasen.

### Fellesrådet si forvaltning av midlane

Vi viser til godkjenningsbrev frå biskopen, godkjende lokale planar for trusopplæring i kyrkjelydane innafor fellesrådsområdet, dei oppretta stillingane, tidlegare avtalar og vedtak frå gjennomføringsfasen og Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke av 01.01.2021. Tildelinga blir gitt til kyrkjeleg fellesråd etter § 17 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Målet er gjennomføring av ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle innanfor fellesrådsområdet i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne. Godkjende lokale planar for trusopplæring i fellesrådsområdet skal vere førande for bruken av tilskotet. Planen for trusopplæring, vedteke av Kyrkjemøtet 2009, er ein retningsgjevande plan for trusopplæringsarbeidet i den einskilde kyrkjelyden. Soknerådet er ansvarleg for lokale planar, ref. § 12 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Tilskotet er gitt for å styrke trusopplæringa for barn og unge, og skal nyttast på personalutgifter, driftsmidlar, inkludert aktivitetsrelaterte utgifter, samt utgifter til kurs, informasjonsarbeid, opplæring og administrasjon.

## Vilkår for tildeling

### Kyrkjeleg fellesråd skal

1. leggje til rette for at det blir utarbeidd lokale planar for trusopplæring for alle døypte mellom 0-18 år i alle kyrkjelydar i fellesrådsområdet, i samsvar med § 12 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja.
2. finne gode samhandlingsmåtar med sokneråda til beste for gjennomføring av godkjende lokale planar. Dette skal vere i tråd med ansvar og oppgåver slik dei er skildra i kirkeordning for Den norske kirke.
3. skal sørge for at personalressursar og midlar til tilskot blir disponert på ein måte som medverkar til at det blir gitt eit tilbod om trusopplæring i alle kyrkjelydar i tråd med vedtekne lokale planar
4. som valt organ vedta eit samla budsjett for midlane som kjem som tilskot frå bispedømerådet. Budsjettet skal mellom anna fordele midlane på personalkostnadar og midlar til drift. Fellesrådet skal òg vedta kor stor del av midlane til drift som kan disponerast av kvart sokn.
5. føre rekneskap for tilskotet til trusopplæring og tilhøyrande utgifter. Rekneskapen må førast på eigen kostnadsstad/prosjekt pr. sokn slik at eigna rapportar kan takast ut. I dei tilfelle der sokneråda fører rekneskapen for driftsmidla, skal desse førast på ein eigen kostnadsstad og soknerådet skal rapportere til fellesrådet på bruken av midlane, slik at fellesrådet kan sende til bispedømerådet ein total oversikt over korleis tilskotet er nytta. Til saman skal dette gje oversikt over korleis heile tilskotet til trusopplæring frå bispedømerådet er nytta.
6. sørge for at rapportering av rekneskap og aktivitet blir følgt opp i samsvar med fastsette fristar og rutinar.

Framtidige tilskot til formålet avheng av ei vidareføring av tildeling frå departementet.

### Rapportering

Rekneskap for den tildelte summen for 2021 skal innrapporterast til bispedømet så snart som mogleg i 2022, men seinest innan 15. mai 2022. Utbetaling av tilskot for 2022 vil, som for 2021, skje fortløpande etter kvart som rekneskapsrapporten er motteke.

Rekneskapen rapporterast på fastlagt skjema, sjå

[https://intranett.kirken.no/nb/arbeidsstotte/administrasjon\\_og\\_okonomi/felles-okonomienhet--regnskap/tilskuddsforvaltning11/](https://intranett.kirken.no/nb/arbeidsstotte/administrasjon_og_okonomi/felles-okonomienhet--regnskap/tilskuddsforvaltning11/).

I tillegg skal revisjonsberetninga til fellesrådet sendes bispedømerådet så snart den ligg føre.

Rapport for gjennomførte tiltak og vurdering av status for kyrkjelydens trusopplæring i 2021 skal leverast innan 15. januar 2022 ved hjelp av det digitale planverktøyet for trusopplæring, [trusopplaring.kirken.no](http://trusopplaring.kirken.no)

### Unytta midlar

Ved underforbruk/vakanse har fellesrådet høve til å omdisponere midlar mellom budsjettpostane. Endringane skal drøftast med dei kyrkjelydane det vedkjem. Større endringar skal berre skje etter avtale med bispedømerådet.

Ubrukte midlar på inntil **fem** prosent av totalt tildelt sum til fellesrådet, blir automatisk overført til neste budsjettår. Desse blir plassert i eit bunde fond. Det er ikkje høve til å akkumulere mindreforbruk over fleire år som utgjer meir enn fem prosent av årleg tildeling.

Ubrukte midlar over **fem** prosent av total tildelt sum går automatisk til frådrag i neste års løyving og bli forvalta av bispedømerådet til trusopplæring i bispedømet. For tilskotsmottakarar med lav tildeling er grensa 10.000 kr, sjølv om det er meir enn **fem** prosent av tildelinga.

### Tilgang til kontroll og moglege sanksjonar

Bispedømerådet og/eller Felles økonomieining kan gjennomføre naudsynt kontroll av at dei tildelte midlane blir nytta etter føresetnadene i dette tildelingsbrevet. Dersom det i ettertid viser seg at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formålet, kan bispedømerådet krevje deler eller heile summen betalt tilbake.

Med helsing

Jorunn Kraft Vistnes  
Stiftsdirektør

Cecilie B. Pedersen  
rådgjevar trusopplæring

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*